

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

**Marte Malones** sette på vegner av A og KrF fram slikt forslag:

1. "Reinholdet ved dei vidaregåande skulane i Hordaland skal som hovudregel framleis utførast av eigne tilsette reinholdarar. Det same gjeld ved andre fylkeskommunale einingar, til dømes fylkesadministrasjonen.
2. Ordninga med eksternt reinhold held fram ved Årstad vidaregåande skule. Når byggearbeida ved skulen er ferdige, vert det vurdert på nytt om skulen skal ha eige reinhold eller eksternt reinhold. Lokala til Bjørgvin vidaregåande skule skal i ein mellomfase nyttast til undervisning, og ordninga med eksternt reinhold vert difor vidareført inntil vidare.
3. Det vert starta eit arbeid med gjennomgang av organiseringa av reinholdstenestene. Dette arbeidet skal også omfatte ei utgreiing av alternative måtar å organisere reinholdet på, til dømes om det er mogeleg og tilrådeleg å etablere ein eigen vikarpool for skular og andre einingar. I første omgang vil dette vere aktuelt i sentrum av Bergen, der det er kort avstand mellom dei fylkeskommunale einingane."

**Terje Søviknes** sette på vegner av Frp, V og H fram slikt forslag:

"Som innstillinga, med slikt tillegg i punkt 2:

--- enhet, herunder også vikarpool for renholderne."

### Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå opplærings- og helseutvalet til grunn for røystinga.

Innstillinga vart vedteken med 8 røyster mot 7 røyster for Malones sitt forslag. Søviknes sitt forslag var samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Ordninga med eksternt reinhold held fram ved Årstad vidaregåande skule. Når byggearbeida ved skulen er ferdige, vert det vurdert på nytt om skulen skal ha eige reinhold eller eksternt reinhold. Lokala til Bjørgvin vidaregåande skule skal i ein mellomfase nyttast til undervisning, og ordninga med eksternt reinhold vert difor vidareført inntil vidare.
2. Det startes et arbeid med gjennomgang av organiseringen av renholdstjenestene med sikte på å få etablert renholdstjenestene i en egen fylkeskommunal enhet, herunder også vikarpool for renholderne.